

Fjordane

Luster kommune
postmottak@luster.kommune.no

Leikanger 08.11.2017

Innspel til offentlig ettersyn av plandokument samfunnsdelen til kommuneplan for Luster:

Vi viser til plandokument lagt ut på heimesida og sendt ut offentlig ettersyn og ber fint om at vårt konstruktive innspel vert teke med to dagar etter høyringsfristen!?

Samfunnsdelen viser mykje godt arbeid og er særskild konkret, men vi ser ein viktig mangel på i høve å stansa tap av biologisk mangfald.

Vi viser til side 14 i plandokumentet i høve tiltak og stans av biologisk mangfald der Luster kommune er ansvarleg, men der det ikkje er oppført nokre samarbeidspartar. Organisasjonane bak dette innspeletvert gjerne som samarbeidspartar.

Natur- og friluftslivorganisasjonane lokalt og regionalt innehar mykje kompetanse og vil gjerne vere med som samarbeidspart for å bidra til stans av biologisk mangfald også i Luster kommune.

Vi er no inne i Antropogen-, tidsalderen for tap av biologisk mangfald og tap av både artar og tal på desse går no raskare enn nokon gong før i historia.

12.1 Luster – ein god stad å bu

Strategiar:

- Me skal leggja til rette for tverrfagleg samarbeid som gjev gode kommunale tenester for innbyggjarane
- Me skal leggja til rette for ei god bustadutvikling
- Me skal leggja til rette for at folk trivest med å bu i Luster

Bumiljø Hovudmål	Delmål – slik vil me ha det	Tiltak – slik gjer me det	Ansvar	Samarbeid med
Bulyst i heile kommunen basert på gode tenester, miljø og berekraftige lokalsamfunn	I. Dei kommunale tenestene skal vera samordna og effektive	1. Etablere tverrfagleg samarbeid for å sikre auka kapasitet og betre kvalitet i dei kommunale tenestene	LK	
	II. Attraktive fellesareal i alle sentrumsområde	2. Medverka til at barn og unge i Luster får gode felles møteplassar	LK	Organisasjonar
		3. Leggja til rette for nye buformer i sentrumsområda	LK	Private utbyggjarar, pensjonistlaget
	III. Ei berekraftig lokalsamfunns-utvikling som sikrar god livskvalitet og godt livsgrunnlag både i dag og for komande generasjonar.	4. Vektleggja miljø, berekraft og folkehelse i all sakshandsaming	LK	
		5. Utarbeida ein strategi for anlegg og vedlikehald av offentlege park/grøntområde og tilrettelegging for aktivitetsområde for barn og unge i sentrum.	LK	Private eigarar
	IV. Reint vatn, livskraftige vassmiljø og intakt vassdragsnatur.	6. Vurdera endringar i kommunalt ansvar for drift av offentlig samfunnshus og private forsamlingshus	LK	Bygdelaga
		7. Kommunal utbygging og utvida Offentleg-Privat-Samarbeid (OPS).	LK	Private
		8. Arbeida for å fjerna skrot, på privat og offentlig grunn	LK	Private Aktørar
		9. Følgja opp kommunen sine oppgåver innan vassforvaltning	LK	
		10. Kartleggja og koordinera innsats med å fjerna framande og skadelege artar	LK	Fylkesmannen, SNO, organisasjonar, privatpersonar
		11. Stansa tap av biologisk mangfald	LK	


Med helsing
Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane

Elisabeth Dahle
koordinator

NOF Norsk Ornitologisk Forening avd Sogn og Fjordane
Torbjørn Hasund, leiar



Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
Marit Vøien Nes, leiar




Sogn og Fjordane Turlag
Ron Overdevest, leiar Naturvernutvalet



NJFF i Sogn og Fjordane
Alf Erik Røyrvik, leiar



Sognefjorden Vel
Torbjørn Dale, leiar <http://sognefjordenvel.no/index.html>



FNF Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger. Tel.: 480 20 532

Epost sognogfjordane@fnf-nett.no

Nettside www.fnf-nett.no/sognogfjordane